Helse velferd og førebygging:

- **Familiens hus:** Tverrfagleg tenester til born og unge og deira familiar (inneheldt helsestasjon, vaksinering, jordmorteneste, psykisk helse barn og unge, logoped, ungdomslos og PPT)
- **Legetenesta:** legetenester inklusiv daglegevakt og interkommunal legevakt for kveld, natt og helg og dessutan interkommunal legevaktsentral
- **Avdeling Meistring:** Fysio- og ergoterapitenester, psykisk helse vaksne, oppsøkande team og team for hukommelssvikt, Koordinerande eining (KE), heimevaktmeister, Leksvol. Dagsenter for personar med demens, dagsenter for eldre, varmestugu – lågterskel psykisk helse, friskliv, hyblane og aktiv ung

Institusjonstenester:

- **Avdeling Gjestetunet:** korttidsavdeling – rehabilitering og avlasting, og dessutan natteneste
- **Avdeling Stugu:** langtidsavdeling med hovudvekt på geriatri og demens

Miljøterapi:

- **Miljøterapitenesta avdeling 1 og 2:** Helse og omsorgstenester til menneske med nedsett funksjonsevne i alle aldra, habiliteringstenester, aktivitetstilbod, og avlasting

Heimetenestene:

- **Heimetenestene;** yter helse- og omsorgstenester og praktisk bistand til heimebuande inkludert omsorgsbustader, i tillegg til Granly, Nigarden og Uppigarden

Interkommunale ansvar og samarbeidsområde der Ål er vertskommune:

- **Hallinghelse** – felles kommuneoverlege/samhandlingsleiar, klinisk ernæringsfysiolog, Trygg oppvekst/BTI, mobilt ferdighetsteam, folkehelsekoordinator, koordinator læring- og meistring, fagleg koordinator, felles koordinator velferdsteknologi, fag- og gjennomføringskoordinator for Utviklingssenter for sjukeheim og heimetenester. I tillegg er det ein rekke utvikling- og kompetanseprosjekt med mellombelse prosjektstillingar
- **Fagkoordinator IKT**

Handlings -og økonomiplan for 2025-2028, årsbudsjett 2025
Ål kommune

- **Intermediær- og ø-hjelpeplassar ved Hallingdal sjukestove**
- **Legevaktsentral**
- **Interkommunal legevaktsamarbeid**

Andre samarbeidsområde som ligg i budsjettet er:

- NAV
- Krisesenteret
- Beredskap følgjeneste gravide/fødande
- Miljøretta helsevern
- Felleskjøkkenet for Hol og Ål
- Felles legevaktsentral
- IMA
- VENN

Overordna statlege styringssignal:

Helse- og omsorgstenestene står framfor store utfordringar, i takt med nasjonale trendar og utvikling. Nasjonale reformer og omstillingar pålegg kommunen eit større ansvar for innbyggjarane si helse gjennom førebygging og behandling av sjukdom. I tillegg skal kommunane sikre at innbyggjarane får likeverdige tenester. Analyse og prognose viser eit aukande behov for helse- og omsorgstenester.

Sektor for helse og omsorg blir utfordra av:

- Rekruttering av naudsynt og riktig kompetanse for framtida
- Demografi og helsetilstand ([Folkehelseprofil](#))
- Frå 2020 til 2050 syner framskrivingar at talet på personar med ei demensdiagnose doblar seg frå 129 til 261 personar ([Demenskartet](#))
- Overføring av oppgåver frå spesialisthelsetenesta
- Forskjellar i levekår og utanforskap
- Auka rettigheitsfesting, krav og forventningar


Statlege styringssignal som kan få økonomiske og ressursmessige konsekvensar:

- Pasienten skal oppleve samanhengande pasientutvikling med gode overgangar
- Dei kommunale helse og omsorgstenestene skal sikre ei heilskapleg, samanhengande og tilpassa den einskilde brukar sitt behov
- God fastlegeordning er viktig
- Tenestene skal i større grad leggje til rette for at den einskilde skal leve og bu som dei ynsker og samtidig få tilpassa hjelp når dei treng det
- Helseberedskap – utarbeiding av plan for beredskap – beredskapsøvingar- beredskapslager for 6 månader er eit viktig fokusområde både nasjonalt og lokalt
- Digitalisering og e-helse, bruk av velferdsteknologiske løysingar. Digitale løysingar skal støtte opp under ei heilskapleg samhandling mellom helsepersonell, og styrke innbyggjarane sine moglegheiter til å ta aktiv del i eigne behandlingsopplegg og styre eige liv
- Styrking og utvikling av nye tiltak til psykisk helse og rusfeltet, og styrke døgnbehandlinga i spesialisthelsetenesta.

Handlings -og økonomiplan for 2025-2028, årsbudsjett 2025

Ål kommune

- Styrke helsefremjande og førebyggjande arbeid knytt til barn og unge og deira familiar
- Implementering av velferds- og oppvekstreformene
- Styrke kvinnehelse
- Jamne ut sosial ulikskap i helse og levekår. Likeverdige tenester i distriktet som i byane
- Nytte helsepersonell riktig- Hensiktsmessig oppgåvefordeling mellom helsepersonell



[NOU 2024:3 Tid for handling s 132](#)

Helse og omsorgsplan 2025-2028 (k-sak okt. 2024) peikar på korleis vi skal utvikle framtidige tenester gjennom strategiske føringer, førebyggande tiltak, samordning og tidleg innsats, for slik å møte morgondagens helse- og omsorgsutfordringar. Planen bidreg også til at politisk nivå kan gjere gode vurderingar, og dessutan legge til rette for og utvikle godt samarbeid med brukarar og deira pårørande.

Planen beskriv satsingsområde for å møte utfordringane dei nærmaste åra og dessutan optimalisere drifta gjennom:

- Redusere og utsette behov for tenester gjennom god førebygging, tidleg innsats, fokus på eigenmeistring og samarbeid med frivillige lag og organisasjoner for å skape aktivitet og sosiale møteplassar
- Ha fokus på innovasjon innan e-helse, velferdsteknologi og KI
- Samskaping på tvers av sektorar
- Styrke brukarmedverknad og godt pårørrandesamarbeid
- Tilpassa butilbod
- God kartleggings- og vedtakskompetanse
- Alternative arbeidstidsordningar og nytte kompetanse og ressursar på tvers

Handlings -og økonomiplan for 2025-2028, årsbudsjett 2025

Ål kommune

I tillegg ber regjeringa særskilt om at det blir sett i gang arbeid og utarbeida **handlingsplanar** innan:

- Bu trygt heime – ny reform frå 2023 / Leve heile livet – reforma – (innarbeida i Helse og omsorgsplan)
- Opptrapplingsplan psykisk helse (utarbeidd)
- Digitaliseringsplan (under utarbeiding)
- Demensplan (under utarbeiding)
- Lokal handlingsplan for førebygging av omsorgssvikt og åtferdsutfordring (oppvekstreforma) (under utarbeiding)

Kommunale planar som skal reviderast:

- Plan for habilitering og rehabilitering

Statlege styringssignal som bør løysast innanfor ramma og eller der ein kan søke tilskot:

- Utdanne fleire, rekruttere og behalde fagfolk. Nye utdanningsplassar og studietilbod for å styrke helsetenestene i møte med dagens utfordringar
- Nasjonal helse og samhandlingsplan. Mål: heilskaplege og sømlaus *pasientutvikling* for den einskilde pasient og pårørande, kombinert med tillit til helsefagleg personell
- Samhandling mellom sjukehus og kommunane, og sjå på andre moglege finansieringsmodellar

Pågående prosjekt og utviklingsarbeid i sektoren	
Flexisjukepleiarutdanning: 1. kull hausten 2022 2. kull hausten 2023 3. kull hausten 2024	Nødnett – opplæring og igangsetting legevakt
Helsefagutdanning og Fagskule – observasjonskompetanse, fotpleie	Kommunehelsesamarbeid og helsefellesskap
Ernæringsarbeid – samarbeidsprosjekt med Hallinghelse	EU-forprosjekt Hospital at home
Mobilt ferdighetsteam – simulering, psykisk helse	Fact-ung – psykisk helse VVHF og kommunane
Erfaringskonsulent – og kommunalt rusarbeid	Velferdsteknologi, e-helse
IPS- Ung (NAV)	Felles dialogmøte – BUP
Rekrutteringsprosjekt-Husvarm	Bemanningsleiing og tenesteutvikling

Handlings -og økonomiplan for 2025-2028, årsbudsjett 2025


Ål kommune

Trygg oppvekst – BTI	Heilskapleg leiing av tenester til barn og unge – Deltaking i kursprogram KS
Velferdsteknologisk knutepunkt	Tenestetildeling – tildelingskriteriar – vedtak- utviklingsarbeid
Medikamenthåndtering	Utviklingsarbeid innan ros-analyse, avvik – compilo
CRDP – jf. likestilling og diskrimineringslova	<i>Prosjekt helse og arbeid- ei kunnskapsoverføring mellom spesialisthelsetenesta og kommunehelseteneste, til fastlegar og fysioterapeutar i kommunane, innan fagfeltet uspesifikke muskelskjelett plager med Brief intervention (BI) som metode.</i>
Kronikaromsorg i legetenesta – korleis nytte lege- og sjukepleieressursar innovativt i pasientbehandling	Trygg start – foreldrestøttande tiltak Familiens hus
Beredskap og krisearbeid – GAP-analysar -kriseøvingar	MedSafe Old- trygg medikamentbruk til eldre – deltaking i forskingsprosjekt i regi av Senter for omsorgsforskning
Ål er definert som Omsorgsforskingkommune – Samarbeid om samskaping mellom kommunar og forskningsinstitusjoner for berekraftige helse- og omsorgstenester – Senter for omsorgsforskning	Deltaking i andre forskingsprosjekt med Senter for omsorgsforskning: 1. Utelate helse- og omsorgshjelp, avvik og pasientsikkerhet i heimetenestene 2. Generasjonanes hus- Senter for omsorgsforskning og Husbanken

Utfordringar og strategi

Utfordringar i 2025 og i planperioden

- Behalde og rekruttere helsepersonell
- Ål får ei dobling av eldre fram mot 2050. Befolkningsfremskriving for innbyggjarar over 80 år fram mot 2040 (scenariofabrikken.vercel.app/scenario-i-2040)



- Store ressursar går til få tenestemottakarar
- Ål har mange born og unge med omfattande behov for tenester både frå oppvekst og helse
- Psykisk helse, utanforskap og einsemd i befolkninga er ein folkehelseutfordring som vil vere med på å gje auka behov for kommunale tenester
- Det er nødvendig med ei vriding og endring i organisering av tenestene innan helse- og omsorg for å møte innbyggjarane sine tenestebehov, og dermed kunne tilby forsvarlege tenester innanfor det økonomiske handlingsrommet
- Spesialisthelsetenesta overfører stadig fleire oppgåver til kommunehelsetenesta utan at det fylgjer økonomiske ressursar med
- Det er nødvendig å arbeide systematisk med å redusere sjukefråværet og det psykososiale arbeidsmiljøet

Korleis ser det ut i Ål?

- Sektoren har utfordringar med å rekruttere helsepersonell inn i ledige fagstillingar. Fleire tilsette i høge stillingsprosentar går av med pensjon i nær framtid, og fleire ledige deltids- og helgestillingar står ledig. Det må arbeidast vidare med systematiske tiltak for å behalde og rekruttere fagpersonell. Dette gjeld også innan legetenestene. Fleire yngre legar ynskjer fastlønsavtale

Handlings -og økonomiplan for 2025-2028, årsbudsjett 2025

Ål kommune

- Dette fører til utgifter på kjøp av tenester for å beholde fagleg kvalitet på tenesta og bruk av vikarbyrå
- Ål har stigande tal på innbyggjarar med ei demensdiagnose,- fleire av desse er yngre personar. Denne gruppa treng andre tenestetilbod enn eldre i tilsvarende situasjon.
- Framskrivingar i tabellen under syner at Ål vil få ei dobling av talet på tenestemottakarar i Ål fram mot 2040.

Antall tjenestemottakere. 2021, 2030 og 2040. Ål



- Flyktningar som er busett vil påverke helsetenestene, introtenesta og NAV sine ressursar.
- NAV signaliserer auka behov for tenester til økonomisk sosialhjelp og gjeldsrådgjeving. Dette skyldas auka tal på busetting av flyktningar, og auka pågang frå personar som slit med å få inntekta til å strekke til grunna auka utgifter til livsopphald, straum og gjeld.



<https://www.pexels.com/nb-no/sok/barn%20og%20unge%20i%20Norge/>

- Aukande behov for tenester fra psykisk helse til både barn, unge og voksne.
- Betre samordning for barn, unge og voksne – kan ha rett til tenester fra fleire aktørar.
- Utgiftene til ressurskrevjande tenester er høgare enn inntektene
- Auke i kostnadene til drift grunna samfunnsutviklinga med 8–10 %
- Helse- og omsorgstenestene er i rask utvikling, og stadig fleire komplekse helsetenester blir flytta frå spesialisthelsetenesta til kommunane utan at det fylgjer ressursar med.
- Sjukefråværet har auka dei siste åra- dette gjeld både korttids- og langtidsfråvær

**Korleis vil me møte
dette?**

1. Kvar enkelt innbyggjar må:

- ta ansvar for eige liv og eigen helse
- oppleve å meistre livet
- ha regien i eige liv
- ha god livskvalitet

Dette vil vi oppnå gjennom innsatsområda helsefremming og førebygging, meistring, samskaping, alternative buformer, velferdsteknologi og kompetanse.

2. Tett og godt samarbeid med frivilligsentral, lag og organisasjonar vil bidra til at fleire kan delta i aktivitetar, får hjelp til daglege gjeremål. Dagens helseutfordringar krev auka helsefremmande og førebyggande innsats. Frisklivssentralen kostar lite og kan hjelpe mange.

3. Me må førebyggje meir og behandle mindre. Velferdsteknologi, innovasjon, e-helse er satsingar for å møte morgondagens helse- og omsorgstenester. Det må jobbast enda betre med implementering, gevinstrealisering og arbeid på systemnivå.

Handlings -og økonomiplan for 2025-2028, årsbudsjett 2025

Ål kommune

4. Ål kommune skal ha nok eigne fagpersonar og redusere behov for kjøp frå eksterne aktørar. Tilby nye og fleksible turnusmodellar for å tiltrekke seg arbeidskraft.

5. Kompetanseheving og kvalitetsarbeid er pågåande og heilt nødvendig. Tenestene skal vere av fagleg god kvalitet, og me må vere ein attraktiv arbeidsgjevar.

6. Aktivitet- og arbeidsretta tilbod til personar med nedsett funksjonsevne eller som treng bistand med å kome seg inn i arbeidslivet.

7. Rekruttere brukarar til dagtilboda våre. Nytenking ift. lågterskeltenester, sjølvhjelpsgrupper, aktivitetar og framtidige dagtilbod for å auke rekruttering, og betre livskvaliteten for sårbare brukargrupper og deira pårørande

- Bidra til å styrke dei pårørande som ein ressurs gjennom involvering, opplæring, rettleiing og støtte.
- Vidare satsing på førebygging meistring, kvardagsrehabilitering, ernæring, og redusere einsemld vil vere med å heve livskvalitet og redusere / utsette behov for helse og omsorgstenester.
- Regionalt samarbeid innan kompetanse, utviklingsarbeid og tenesteinnovasjon

Helse- og omsorgssektorens bidrag i høve til integrering:

Helse- og omsorgssektoren vil legge til rette for å nytte relevant fagkompetanse til nye landsmenn gjennom språkpraksis, praksisplassar, og nødvendig styrking av kompetanse for godkjenning av helsefagleg utdanning. Det blir også lagt til rette for språkopplæring knytt til fagspråk innan helse.

Helse – og omsorgssektorens bidrag for å gjøre tenestene meir effektiv:

- Det skal arbeidast proaktivt for å behalde og tiltrekke oss kvalifisert personell med rett kompetanse
- Tettare samhandling mellom sektorar, avdelingar og samarbeidspartar til dømes spesialisthelsetenesta. Tidleg innsats og førebyggande tenester vil gje betre livskvalitet og meir for pengane enn å ha størst fokus på å behandle som i dag.
- Ål har i dag fleire born og unge med nedsett funksjonsevne og med sosiale og psykiske utfordringar. Tett samhandling mellom oppvekst, Familiens hus, barnevern, NAV og spesialisthelsetenesta vil betre oppvekstvilkår, og redusere ressursbruk på kort og lang sikt.

Dette betyr at:

1. Ål kommune skal vere i fremste rekke for å vektlegge utviklingsarbeid lokalt jf. kommuneplanen. I planperioden ynskjer vi å ha fokus på:

- Ål skal vere ei attraktiv kommune å bu og jobbe i
- ulike læringsløp for helsefagarbeidarar
- desentraliserte utdanninger som td sjuke- og vernepleiarutdanning
- desentraliserte vidareutdanninger
- fleksible turnusordningar
- utvikle kompetanse innan kunstig intelligens

- delta i forbettings- og utviklingsarbeid både lokalt, regionalt og nasjonalt

2. Framskrivingar syner at Ål i nær framtid vil få fleire eldre enn yrkesaktive innbyggjarar fram mot 2040. Kommunen må leggje til rette for eit universelt forma ut lokalsamfunn for alle generasjonar, ha fokus på at eldre er ein samfunnsressurs, og styrke aktivitet og sosiale møteplassar, og dessutan tilby førebyggjande helsetenester.

- Ein kan betre livskvalitet og redusere/utsette behov for helsetenester gjennom:
- kartlegging, informasjon, rettleiing og vedtak
- bruk av velferdsteknologi/hjelpemiddel
- auka fokus på kvardagsmeistring/rehabilitering
- lågterskel aktivitetstilbod
- Vi må fortsette å utvikle samarbeidsområde på tvers til førebyggjande tenester psykisk helse barn og unge, til dømes Trygg oppvekst/BTI og IPS (Individuell jobbstøtte), FACT-ung og dialogbasert inntak med Vestre Viken. Familiens hus vil bidra meir inn i systemarbeid opp mot oppvekstsektoren, kompetanseheving, felles regionalt opplæringsprogram og møtearena
- Ål skal fortsette å vere helsekommunen i Hallingdal
- Eit godt liv heile livet, gje god nok kvalitet – rett teneste – til rett tid
- Helse- og omsorgstenestene skal fremje god helse, uavhengig av alder og bustad, og gje tilstrekkeleg hjelp til at brukaren kjenner seg trygg og kan meistre livet sitt

Kommunale føringer gitt i 2024 som medfører aktivitet og som må vurderast i den komande økonomiplan-perioden:

- Busetting av flyktningar – Økonomisk sosialstønad aukar grunna stor busetting av flyktningar.behov for helsetenester og økonomisk stønad
- I september–21 var det gjort politisk vedtak om etablering av Familiens hus lagt til sektor for helse- og omsorg. Helsestasjonstenesta og PPT kom inn i Familiens hus. Det same gjorde psykisk helse til born og unge. Vedtaket førte også til ei omorganisering internt gjennom etablering av avdeling Meistring, og der psykisk helse til vaksne kom inn. Det er ikkje landa ei lokalisering som samlar alle i Familiens hus, eller avdeling Meistring.
- Hol kommune gjekk ut av samarbeidsavtala om felles PPT 31.12.2023. Ål PPT er vidareført med same antal personalressursar,- men tiltaket skal evaluerast jamleg og fyrste gong i november 2024.
- Trygg oppvekst- BTI, Trygg start, Familiestøttande tiltak, barnekoordinator og gode samhandlingstiltak for barn og unge og deira pårørande
- Talet på eldre vil doble seg i Ål innan 2040. For å vere rusta til å møte denne endringa går det føre seg planlegging for utbygging av sjukeheimspllassar, omsorgsbustader, behandlingsbasseng og treningsal.
- Innføre personellbesparende digitale løysingar og teknologi,
- Utvikle og betre pasientutvikling for meir effektiv ressursbruk.

Fakta

I 2050 forventes omtrent én av fem nordmenn å være 70 år eller eldre. Befolkningen over 80 år forventes doblet innen 2050.

Eldre er friskere og dermed blir også behovet for hjelp mindre. Levealderen har økt og stadig flere bor hjemme lenger.

Samtidig har det vært en sterk vekst i pleie- og omsorgstjenester til yngre brukere.

Kilde: SBB/ Status kommune 2024, KS FoU
«Dypdykk i pleie- og omsorgstjenestene 2017-2022» (2024)

Rammeoversikt

Beløp i 1000

Beskriving tiltak	Tiltakstype	Økonomiplan			
		2025	2026	2027	2028
Opprinnelig budsjett		216 617	216 617	216 617	216 617
Sum Lønns- og prisvekst		8 030	8 030	8 030	8 030
Konsekvensjusteringer		8 030	8 030	8 030	8 030
Konsekvensjustert ramme		224 647	224 647	224 647	224 647
Endringer i tidligere vedtatte tiltak					
Vikarbyrå - ettårig bevilling i 2024	Endringer i tidligere vedtatte tiltak	-5 000	-5 000	-5 000	-5 000
Andre tiltak	Endringer i tidligere vedtatte tiltak	2 027	2 027	2 027	2 027
Sum Endringer i tidligere vedtatte tiltak		-2 973	-2 973	-2 973	-2 973
Innsparingstiltak					
Auke i brukarbetaling	Innsparingstiltak	-2 000	-2 000	-2 000	-2 000
Sum Innsparingstiltak		-2 000	-2 000	-2 000	-2 000
Nye tiltak					
Auke i økonomisk bistand til busette flyktingar	Nye tiltak	2 080	1 600	1 600	1 600

Handlings -og økonomiplan for 2025-2028, årsbudsjett 2025

Ål kommune

Beskriving tiltak	Tiltakstype	Økonomiplan			
		2025	2026	2027	2028
Barnekoordinator 25 % i helse og omsorg og 25 % i oppvekst	Nytt tiltak	0	0	0	0
Bruk av vikarbyrå	Nye tiltak	5 500	5 500	5 500	5 500
Interkommunale samarbeidstiltak - Felleskjøkken	Nye tiltak	491	491	491	491
Interkommunalt samarbeid endring i budsjett - NAV, Krisesenter, Vinn Interkommunalt samarbeidstiltak - Ål sin del av kostnader IMA	Nye tiltak	263	263	263	263
Sum Nye tiltak		9 334	8 854	8 854	8 854
Nye tiltak og realendringer		4 361	3 881	3 881	3 881

Innsparingstiltak

Auke i brukarbetaling

Dei 2 siste åra har brukarbetaling spesielt i høve til vederlag vore høgare enn budsjettert. Dette kjem mellom anna av at det har vore fullt belegg på langtidsplass. Det er lagt inn kr 2. mill. i auka brukarbetaling.

Nye tiltak

Auke i økonomisk bistand til busette flyktningar

Teneste 2812:

Ål kommune har dei siste åra busett eit høgt tal med flyktningar. Fleire av desse vil ha behov for supplerande økonomisk bistand over ei periode. Ein del vil vere heilt avhengig av økonomisk bistand over tid mellom som følgje av alder, språk- og kompetanseutfordringar og helsemessige utfordringar. Pr 1. halvår er det betalt ut ca. kr 3,125 mill. Dette gir for år 2024 ein kostnad på kr 6,260 mill. mot budsjettert kr 4,650 mill.

Teneste 2421:

Jf politisk behandling sak 2023/439 og 2024/1437 har NAV bedt mellombels auke i stillingar for å jobbe med å få fleire busette flyktningar i arbeid. Det er totalt bedt om 2 stillingar i 2025 fordelt på kommunane i Hallingdal. Ål sin del er 30 %. Dette vil utgjere kr 480 000 for Ål sin del (lønnskosnad pr. stilling er pt kr 800 000). Oppretting av stillingar vil avhenge av likelydande vedtak i alle kommunane.

Handlings -og økonomiplan for 2025-2028, årsbudsjett 2025

Ål kommune

Barnekoordinator

Barnekoordinator 25 % i helse og omsorg og 25 % i oppvekst

Barnekoordinator 50 % fordelt 25 % på oppvekstsektoren og 25 % helse- og omsorgssektoren

Kostnader viser helse- og omsorgssektoren sin del

Det vart i 2022 lovheimla eit krav om barnekoordinator i kommunen. Styrke oppfølging av utsette barn og unge og deira familiær – auka samarbeid mellom velferdsteneste.

«Plikta til å tilby barnekoordinator er lagt til kommunen etter [helse- og omsorgstenesteloven § 7-2 a](#). Koordinerande eining i kommunen har overordna ansvar for oppnemning, opplæring og rettleiing av barnekoordinator. Gjennom oppnevningen av barnekoordinator utpekes kven som har ansvaret for [samordningen av tenestene til barnet](#). »

Stillinga har tidlegare ligge inne som ein funksjon i Familens hus, men behovet for koordinering av tenester til barn og unge og deira familiær krev meir ressursar. God koodringering og tidleg innsats kan hindre både auka behov for tenester, betre tilpassa tenester for den enkelte og bedre pårørandestøtte.

Bruk av vikarbyrå

Store rekrutteringsutfordringar gjer at ein må nytte vikarbyrå for å oppretthalde faglege forsvarlege tenester i fleire avdelingar, spesielt døgnavdelingar. Det vart lagt inn for år 2024 kr 5,0 mill. på ansvar 3000 som blir internt fordelt etter bruk / vakanse. For 2025 er det innarbeid i ramma kr 5,5 mill. til bruk av vikarbyrå.

Interkommunale samarbeidstiltak – Felleskjøkken

Auke i driftskostnader og prisendring på middagar gir auka driftskostnader for kommunen, jf. budsjettframlegg frå Felleskjøkkenet Hol og Ål.

Interkommunalt samarbeid endring i budsjett – NAV, Krisesenter, Vinn

Endring i vedtatt budsjett interkommunalt samarbeid – ansvar 3040 teneste 2421, NAV og Krisesenter, og dessutan teneste 2731 VINN, jf. budsjettframlegg frå dei ulike tenestene.

Ramma for teneste 2421 var i 2024 kr 2, 510 mill. Budsjett for teneste 2421 blir totalt kr2, 753 mill. Dette er ei auke på kr 243 000.

Det er ikkje kome budsjett frå Vinn. Kostnader her blir delvis bestemt frå overføringer frå NAV. Det er lagt inn eit anslag på auke på 4,7 %.

Interkommunalt samarbeidstiltak – Ål sin del av kostnader IMA

Drift av intermediæravdeling ved Hallingdal Sjukestugu er eit viktig regionalt samarbeidstiltak for våre innbyggjarar som treng spesialisert helsehjelp. Ifølgje inngått samarbeidsavtale med kommunane i Hallingdal skal underskot dekkast som følgjande:

- Ål dekkjer dei første kr 400 000
- kr 1,7 mill. blir fordelt etter folketal
- Ål kommune dekkjer vidare underskot.

Handlings -og økonomiplan for 2025-2028, årsbudsjett 2025

Ål kommune

Hittil har bruken av plassane vore lågare enn det som ein stipulert har rekna ut for å gå i balanse.

Ønska tiltak og ytterlegare innsparinger

Beløp i 1000

Prioritet	Endringskode	Økonomiplan			
		2025	2026	2027	2028
Utskifting av eldre datautstyr <2017	1	Nytt tiltak	140	0	0
Utskifting og oppgradering av nødvendig medisinsk utstyr	2	Nytt tiltak	150	150	150
Sum		290	150	150	150

Nye tiltak

Utskifting av eldre datautstyr <2017

Utskifting av datautstyr som er frå før 2017. Eldre pc støttar ikkje opp programvarer som den enkelte avdeling nyttar.

Utskifting og oppgradering av nødvendig medisinsk utstyr

Oppgradering og utskifting av medisinsk utstyr. Dette gjeld mellom anna spirometri, EKG, Ultralyd. Dette er ikkje lagt inn i framlegg til ramme.

Kultur

Driftsbudsjett

Fordeling på hovedart

Beløp i 1000

	Rekneskap Budsjett Rev.budsjett			Økonomiplan			
	2023	2024	2024	2025	2026	2027	2028
Driftsutgifter							
Lønn	10 783	11 946	11 946	12 793	12 943	12 743	12 743
Kjøp av varer og tenester som inngår i kommunal eigenproduksjon	6 269	6 066	6 066	6 136	6 136	6 136	6 136
Kjøp av varer og tenester som erstattar kommunal eigenproduksjon	0	24	24	24	24	24	24
Overføringsutgifter	3 648	4 695	4 845	2 795	2 795	2 795	2 795
Finansutgifter	302	0	0	0	0	0	0
Sum Driftsutgifter	21 002	22 731	22 881	21 748	21 898	21 698	21 698
Driftsinntekter							
Salsinntekter	-5 254	-5 135	-5 135	-5 135	-5 135	-5 135	-5 135
Refusjonar	-2 513	-1 008	-1 008	-1 008	-1 008	-1 008	-1 008
Overføringsinntekter	-1	0	0	0	0	0	0
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	-179	-400	-400	100	100	100	100
Sum Driftsinntekter	-7 948	-6 543	-6 543	-6 043	-6 043	-6 043	-6 043
Sum	13 054	16 188	16 338	15 705	15 855	15 655	15 655

Rammeoversikt

Beløp i 1000

Beskriving tiltak	Tiltakstype	Økonomiplan			
		2025	2026	2027	2028
Opprinnelig budsjett		16 588	16 588	16 588	16 588
Sum Lønns- og prisvekst		548	548	548	548
Konsekvensjusteringer		548	548	548	548
Konsekvensjustert ramme		17 136	17 136	17 136	17 136
Endringer i tidligere vedtatte tiltak					
Andre tiltak	Endringer i tidligere vedtatte tiltak	-1 800	-1 800	-1 800	-1 800
Sum Endringer i tidligere vedtatte tiltak		-1 800	-1 800	-1 800	-1 800
Nye tiltak					
Garanti- og serviceavtale kinoutstyr	Nye tiltak	70	70	70	70

Handlings -og økonomiplan for 2025-2028, årsbudsjett 2025

Ål kommune

Beskriving tiltak	Tiltakstype	Økonomiplan			
		2025	2026	2027	2028
Jubileumsprosjekt Rolf Nesch	Nye tiltak	50	200	0	0
Utvidelse stilling kultur- og idrettskonsulent	Nye tiltak	150	150	150	150
Sum Nye tiltak		270	420	220	220
Nye tiltak og realendringer		-1 530	-1 380	-1 580	-1 580
Ramme 2025-2028		15 605	15 755	15 555	15 555

Nye tiltak

Garanti- og serviceavtale kinoutstyr

Ved kjøp av nytt kinoutstyr i 2022 var det inkludert 3 års garanti. Denne garantien går ut i februar 2025. Vi treng då å kjøpe 7 års utvida garanti for å ha sikker drift av kinoutstyret i 10 år. Pris: 483 000,-. Dette er ein eingongssum, og det er monopol på denne tenesta. Pr. 24. oktober 2024 er denne kostnaden ført opp årleg fordelt på 7 år, men det sjekkast ut no om det andre selskapet som tilbyr denne tenesta kan gå for årleg fakturering.

Jubileumsprosjekt Rolf Nesch

I 2026 er det 50 år sidan Rolf Nesch døydde. Kunstkurator Per-Gunnar Eeg Tverbakk kjem til Ål 2. desember for å sjå på Nesch-museet, og dersom kommunen/museet ynskjer så kan han vere med i prosess med jubileumsprosjekt.

Kommunen viste jo ved kjøp av Sildefiske at Nesch er ein kunstnar me vil vere kjent med, og då bør ein utnytte potensialet i eit jubileum. Me ynskjer pengar til forprosjekt og til gjennomføring. Me ynskjer å feire fleire stader, for eksempel i Drammen på Fylkeshuset, der det heng 13 biletar av Nesch. Det er også ynskje om å kunne få med fleire aktørar lokalt til å markere jubileumsåret.

Utvidelse stilling kultur- og idrettskonsulent

Stillinga som kultur- og idrettskonsulent har stått på 80 % stilling i mange år, sjølv om arrangement, lag og organisasjoner etc. har auka betrakteleg. Då stillinga vart oppretta hadde Ål kommune 6 store arrangement i året, no er det oppe i 18 arrangement i året. Samstundes har arbeidsoppgåver i lag med andre sektorar auka.

Ønska tiltak og ytterlegare innsparinger

Beløp i 1000

	Prioritet	Endringskode	Økonomiplan			
			2025	2026	2027	2028
Byggdrift	3	Nytt tiltak	175	175	175	175
Konfernaseteknikk	3	Nytt tiltak	166	0	0	0
Sum			341	175	175	175

Nye tiltak

Byggdrift

Drift:

Auking av byggdriftsbudsjetten frå 225 000 til 400 000. Det er behov for ei auking av driftsbudsjetten grunna høg aktivitet. Det er høgare utgifter på grunn av høgare prisar som gjer at vårt driftsbudsjett må aukast for å møte dei krava huset har. Pris: 175 000,-

Konferanseteknikk

Konferanseteknikk

Då Sprang blei etablert fekk kulturhuset ein sal med moderne konferanseteknikk. Dette er ein standard som er svært viktig for avvikling av foredrag, seminar, konferansar og andre liknande arrangement. I dag har kulturhuset ikkje dette i Storesalen og Veslesalen. Dei tilsette brukar unødig tid på opplegg og kulturhuset står fram (og er) uprofesjonell. Me treng å oppdatere utstyrspakka for å kunne vere ein attraktiv aktør for kulturkonferansar og andre seminar. I dag brukar mange av kommunen desse lokala gratis og det er bra! Med nytt utstyr kan kulturhuset bli enklare og meir attraktiv. Dette kan vere ein nøkkel til leigeinntekter. Administrasjonen arbeider med å få inn mest mogeleg i eksterne midlar. Totalen vil vere ca. 332 000,-, og målet er å få inn 50 % i eksterne midlar.

Totalt: 166 000

Handlings -og økonomiplan for 2025-2028, årsbudsjett 2025
Ål kommune

Drift og utvikling

Driftsbudsjett

Fordeling på hovedart

Beløp i 1000

	Rekneskap Budsjett Rev.budsjett			Økonomiplan			
	2023	2024	2024	2025	2026	2027	2028
Driftsutgifter							
Lønn	44 920	45 279	45 709	48 705	48 705	48 705	48 705
Kjøp av varer og tenester som inngår i kommunal eigenproduksjon	41 811	26 364	26 829	25 959	26 334	26 084	26 334
Kjøp av varer og tenester som erstattar kommunal eigenproduksjon	7 614	7 600	7 600	8 092	8 092	8 092	8 092
Overføringsutgifter	25 800	39 063	39 713	22 638	13 038	12 938	12 938
Finansutgifter	462	0	0	0	0	0	0
Sum Driftsutgifter	120 607	118 306	119 851	105 394	96 169	95 819	96 069
Driftsinntekter							
Salsinntekter	-15 671	-12 629	-12 629	-13 629	-13 629	-13 629	-13 629
Refusjonar	-20 846	-7 093	-7 093	-6 918	-6 918	-6 918	-6 918
Overføringsinntekter	-11	-42	-42	-42	-42	-42	-42
Finansinntekter og finansieringstransaksjoner	13	0	-300	-27 210	-4 010	-10	-10
Sum Driftsinntekter	-36 515	-19 764	-20 064	-47 799	-24 599	-20 599	-20 599
Sum	84 092	98 542	99 787	57 595	71 570	75 220	75 470

Beskriving av verksemda i dag

Drift og utviklingssektoren har ansvar for drift av kommunal infrastruktur (vass- og avløpsnett, reinseanlegg, vassverk, vegar, bruer) og alle kommunale bygg. I tillegg har sektoren ansvar for næringsutvikling, landbruk, friluftsliv, folkehelse, planlegging, byggesak, eigedomsskatt, innkjøp, kart og oppmåling.

Arbeidet er organisert i 4 avdelingar med til saman 70 årsverk fordelt på 77 tilsette:

- Utvikling og VAR (vatn, avløp, renovasjon)
- Veg og park
- Byggforvalting
- Reinhald

I tillegg hører det interkommunale kontoret for avløp og vassforvalting (KAV) med 4,8 årsverk fordelt på 5 personar til sektoren.

Fagfeltet til sektoren er vidt og sektoren forvaltar store verdiar som det er utfordrande å halde ved like og fornye.

Utfordringar og strategi

Hovudutfordringane framover er:

- sikre auke i folketalet (arbeide vidare med bu- og blilyst og sikre tilgang på varierte bustader i lag med private utbyggjarar)
- oppfølging etter ekstremvêret Hans
- oppfølging av klimaplan
- få vedteke ny arealdel av kommuneplanen
- fornying av maskinparken til avdeling reinhald
- halde ved like VA-nett, bygg, bruer og vegar

Vi er framleis avhengig av eit samarbeid/spleiselag med næringsliv, frivillige lag og private for saman å gjera Ål til ein god plass å bu, arbeide og besøke.

Handlings -og økonomiplan for 2025-2028, årsbudsjett 2025

Ål kommune

Rammeoversikt

Beløp i 1000

Beskriving tiltak	Tiltakstype	Økonomiplan			
		2025	2026	2027	2028
Opprinnelig budsjett		98 542	98 542	98 542	98 542
Sum Lønns- og prisvekst		2 238	2 238	2 238	2 238
Konsekvensjusteringer		2 238	2 238	2 238	2 238
Konsekvensjustert ramme		100 780	100 780	100 780	100 780
Endringer i tidligere vedtatte tiltak					
Andre tiltak	Endringer i tidligere vedtatte tiltak	-26 912	-26 912	-26 912	-26 912
Sum Endringer i tidligere vedtatte tiltak		-26 912	-26 912	-26 912	-26 912
Innsparingstiltak					
Auka husleigeinntekter	Innsparingstiltak	-1 000	-1 000	-1 000	-1 000
Sum Innsparingstiltak		-1 000	-1 000	-1 000	-1 000
Nye tiltak					
Auka diselprisar	Nye tiltak	100	100	100	100
Auka stilling kommunalsjef	Nye tiltak	260	260	260	260
Bulysttiltak	Nye tiltak	300	300	300	300
Drift av flomtiltak	Nye tiltak	25	500	250	500
Friluftslivets år	Nye tiltak	50	0	0	0
Geodata - Kartgrunnlag	Nye tiltak	50	0	0	0
Næringskontor - justering	Nye tiltak	50	50	50	50
Tilskot til kjøp av bustad	Nye tiltak	10 600	1 000	900	900
Utmarksoppsyn	Nye tiltak	10	10	10	10
Økt beredskapsbudsjett - HBR	Nye tiltak	492	492	492	492
Sum Nye tiltak		11 937	2 712	2 362	2 612
Nye tiltak og realendringer		-15 975	-25 200	-25 550	-25 300
Ramme 2025-2028		84 805	75 580	75 230	75 480

Samandrag budsjett

UTFORDRINGER:

Den største utfordringa framover er å sikre auke i folketalet. Vi foreslår difor å gjera om ein vakant planleggjar-stilling til varig samfunnsplanleggjarstilling med mellom anna ansvar for å vidareutvikle arbeidet med bu- og blilyst. Tilskotsordningar til 1. gongs kjøp av bustad vert vidareført med ei ramme til å kunne gi tilskot til 3 nye tilsegn årleg. Det er også sett av 5 mill. kr årleg for å kunne stimulere bustadutviklinga t.d. ved å gå inn i samarbeid om bustadutbygging med private utbyggjarar.

Det er utfordrande å ta vare på og halde ved like kommunale bruer og vegar. Det er berre funne plass til midlar til oppgradering av dei mest slitne kommunale vegstrekningane i 2025 (Torpo sentrum og Kittilsvegen). Vi har prioritert fullrenovering bru over Kulu dei neste åra. Det er også lagt

Handlings -og økonomiplan for 2025-2028, årsbudsjett 2025 Ål kommune

inn opparbeiding av uteområdet ved Sando barnehage. Bygging av nytt kryss i Kleivi og utskifting av maskiner til veg og park er og prioritert.

Maskinparken til avdeling reinhald treng fornying då mange av maskinene deira er utrangerte. Vaskerobotar og andre maskiner kan effektivisere arbeidet.

Det er sett av midlar til tiltak for å unngå skade på bygg og vegar og anna infrastruktur for å unngå liknande skader som under 'Hans'. Det blir samstundes søkt om tilskot frå NVE til dette arbeidet.

Det er eit stort etterslep på bygningsvedlikehald. Til neste år er renovering av bad på avdeling Stugu, omsorgsbustader i Brattebakken og inngangspartiet til Ål kulturhus prioritert. Det er og funne plass til solskjerming av Ål bibliotek. Nybygging av omsorgsbustader til avdeling miljøterapi er planlagt slutført i 2025, medan det er sett av ressursar til planlegging av nye omsorgsbustader/sjukeheimspllassar/basseng i 2025 med eventuell byggestart i 2026-27. Det er og funne plass til å halde fram med å satse på ENØK-tiltak i eige bygningsmasse dei neste åra. Dei største gevinstane ligg i å bytte ventilasjonsanlegg slik at overskotsvarmen vert halde attende i bygget. Det er ventilasjonsanlegga i Ål kulturhus og delar av Sundre barnehage som først står for tur.

Oppsummering av nye driftstiltak i 2025:

1. Vidareføre ordninga med tilskot til 1. gongs kjøp av bustad 1 mill. kr finansiert frå disposisjonsfond (i tillegg til tidlegare løvvde enno ikkje utbetalte tilsegn)
2. Bu og blilyst-tiltak kr 300 000 årleg
3. Kompensasjon for prisauken for diesel til avdeling veg og park med kr 100 000 årleg.
4. Auke kommunalsjefstillinga frå 75 % til 100 % frå og med mai-25
5. Markering av friluftslivets år 2025 med kr 50 000
6. Ny flyfotografering i 2025 med kr 50 000

Innsparingstiltak

Auka husleigeinntekter

Fleire utleigeeiningar og korte periodar som utleigebustadene står tomme. Betre rutinar for å passe på at alle leigetakarane betalar.

Nye tiltak

Auka dieselprisar

Avdeling veg og park har merka den store prisauken på diesel og kan ikkje korte ned på tal km dei køyrer årleg i samband med vinter- og sumarvedlikehald av kommunale vegar.

Auka stilling kommunalsjef

25 % auke i stilling med verknad frå 1. mai 25

Bulysttiltak

Velkomst-treff og velkomstpakke til nytiflytte, deltaking i Emigration expo og andre tiltak som Fjellspire, Framstøling og grendeutval.

Drift av flaumtiltak

Handlings -og økonomiplan for 2025-2028, årsbudsjett 2025

Ål kommune

Driftsutgiftene ved alle flaumtiltak er Ål kommune sutt ansvar. Utgiftene vil auke i åra framover.

Friluftslivets år

2025 er friluftslivets år og Ål kommune ønsker å markere dette med ei rekke gratis arrangement.

Geodata – Kartgrunnlag

Spleislag med andre. Ny flyfotografering som vil auke kvaliteten på karta våre. Delvis dekt av Ål sin partskonto i geodatasamarbeidet.

Næringskontor – justering

Gjeld justering mellom anna pga. lønsauke. Drifta av næringsutviklar er finansiert frå næringsfond.

Tilskot til kjøp av bustad

Tilsegn er gitt til 32 søkerar som enno ikkje har fått utbetalt tilskotet. Difor må midlar løyvd i 2024 overførast til 2025. I tillegg ønskeleg å kunne utbetale 3 tilskot i året framover.

Utmarksoppsyn

Ål sin andel til spleiselaget må aukast pga. lønsauke.

Økt beredskapsbudsjett – HBR

Hallingdal brann og redning har lagt fram eit budsjett som har auka utgiftene til Ål kommune.

Ønska tiltak og ytterlegare innsparinger

Beløp i 1000

	Prioritet	Endringskode	Økonomiplan			
			2025	2026	2027	2028
Bustadutvikling	2	Nytt tiltak	5 000	5 000	5 000	5 000
Elvelangs fakkellys	5	Nytt tiltak	55	55	55	55
Medarbeidarutvikling/opplæring	1	Nytt tiltak	50	50	50	50
Utvendig måling Ål kulturhus	2	Nytt tiltak	1 000	0	0	0
Sum			6 105	5 105	5 105	5 105

Nye tiltak

Medarbeidarutvikling/opplæring

Det er ønskeleg med konkrete midlar til medarbeidarutvikling/opplæring.

Kompetansenivået i avdelinga er fallande, noko som kjem av at faglærte reinhaldsoperatørar går av med pensjon.

Tiltak for å auka kompetansenivået er viktig av fleire årsaker. Mellom anna for å sikra ønska reinhaldskvalitet og rett tenestenivå til brukarane i kommunen. Vidare for å sikra avdelinga tilgang på arbeidskraft i form av fagleg trygge, og motiverte medarbeidrarar.

Eit mål for bruken av definerte midlar til opplæring kan vera økonomisk støtte til å ta fagbrev.

Avhengig av typen kurs eller fagleg oppfølging som til kvar tid er tilgjengeleg, har dette ein total kostnad på 10.000-25.000 for den enkelte.

Fagorganiserte har høve til å få inntil 50 % dekt gjennom stipend. Alle er likevel ikkje organiserte, og

Handlings -og økonomiplan for 2025-2028, årsbudsjett 2025

Ål kommune

Sjølv med 50 % dekning er dette ein kostnad som er anstrengjande for ein medarbeidars privatøkonomi.

Det vil også komma behov for å sertifisera faglærte medarbeidarar, innanfor kvalitetsstyring, vaskeridrift og anna. Dette krev deltaking på kurs som har ein kostnad.

Investeringsbudsjett

Beløp i 1000

Investeringsprosjekter	Samla prosjektbeløp			Sum Økonomiplan	
	Brutto prosjektutgift	Øyrem. fin.	Netto prosjektutgift	2025-28	Inntekt 2025-28
Branntrygging	7 875	0	7 875	4 000	0
Bru kulu	2 200	0	2 200	2 200	0
Dokklisvingen	200	0	200	200	0
ENØK – eigne bygg	43 500	0	43 500	19 000	0
Forprosjekter «Hans»	3 000	-3 000	-0	3 000	-3 000
Funksjonelle arbeidsrom Torpo skule	100	0	100	100	0
Gamlevegen (etappevis)	3 000	0	3 000	1 000	0
Grunnkjøp / sal av grunn – kjøp av eigedom / sal av eigedom	13 600	-2 000	11 600	1 500	0
Kitilsvegen	600	0	600	600	0
Kjøp av brukbil til oppmåling	320	0	320	320	0
Kjøp av ny GPS til oppmåling	250	0	250	250	0
Kolbotnsvingen -Vestliavegen	2 550	0	2 550	2 550	0
Kringlevegen	550	0	550	550	0
Liagardsvegen	1 000	0	1 000	1 000	0
Molokker Tingstugu	250	0	250	250	0
Naturfarekartlegging og tiltak	4 800	0	4 800	300	0
Nedre Ål skule oppgradering av N-fløy	1 875	0	1 875	1 875	0
Nytt kryss Kleivi	10 000	0	10 000	10 000	0
Oppgradering kapellet og nytt kjølerom	700	0	700	700	0
Prestegardsjordet- avd.miljøterapi	59 690	-12 000	47 690	33 000	-12 000
Renovere bad Stugu (16 rom a 250')	3 750	0	3 750	1 250	0
Renovering av leilegheiter Brattebakken	12 500	0	12 500	6 250	0
Røysevegen	130	0	130	130	0
Sentrumsutvikling	2 175	0	2 175	625	0
Sireåne Bustadfelt	4 500	0	4 500	4 000	0

Handlings -og økonomiplan for 2025-2028, årsbudsjett 2025

Ål kommune

Investeringsprosjekter	Samla prosjektbeløp			Sum Økonomiplan	
	Brutto prosjektutgift	Øyrem. fin.	Netto prosjektutgift	2025-28	Inntekt 2025-28
Solskjerming biblioteket	200	0	200	200	0
Stavin drenering rundt nr. 7,9,11 og 12 og nytt vass- og avløp	8 000	0	8 000	7 000	0
Tak inngangsparti Ål kulturhus	1 500	0	1 500	1 500	0
Tappepunkt brannvatn	7 000	0	7 000	7 000	0
Tiltak etter «Hans» Nedre del av Stavegrov og Hellingrove	33 400	0	33 400	33 400	0
Torpo sentrum	950	0	950	950	0
Utelager Oppsjø	2 000	0	2 000	2 000	0
Utleigebustad Stavin 12 renovering	2 250	0	2 250	900	0
Utskifting av maskiner veg og park	10 545	-200	10 345	6 795	-200
Utskifting maskiner reinhold	4 373	0	4 373	3 748	0
Ventilasjon kulturhuset	2 500	0	2 500	2 500	0
Øvre Hago	170	0	170	170	0
Ål helsetun – forprosjekt omsorgsbustader-basseng (drift?)	1 538 625	-	788 125	1 537 500	-750 000
			750 500		
Ål ungdomsskule – funksjonelle rom	2 000	0	2 000	2 000	0
Sum investeringsprosjekt	1 792 628	-	1 024 928	1 700 313	-765 200
			767 700		

Vatn, avløp og renovasjon – sjølvkost

Årsverk

Org.eining	År	Faste	Gjennomsnittleg stillingsprosent	Vikarar	Mellombelse	Total
Vatn, avløp og renovasjon – sjølvkost	2 023	9,72	46,29 %	0,00	0,00	9,72
Vatn, avløp og renovasjon – sjølvkost	2 024	8,72	52,13 %	0,00	0,00	8,72
Endring 2024-2023		-1,00	5,85 %	0,00	0,00	-1,00

Handlings -og økonomiplan for 2025-2028, årsbudsjett 2025
Ål kommune

Driftsbudsjett

Fordeling på hovedart

Beløp i 1000

	Rekneskap Budsjett Rev.budsjett			Økonomiplan			
	2023	2024	2024	2025	2026	2027	2028
Driftsutgifter							
Lønn	7 158	6 284	6 284	8 096	8 096	8 096	8 096
